

## Rådgjevingstenesta

Alle dei vidaregåande skulane har rådgjevar som yter sosialpedagogisk rådgjeving og utdannings- og yrkesrådgjeving. Dei samarbeider tett med den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) og oppfølgingstenesta (OT) i fylkeskommunen. Rådgjevarane i skulen og dei tilsette i PPT og OT har teieplikt når det gjeld opplysningar av privat og personleg karakter. Du finn rådgjevarane på heimesida til den aktuelle [skulen](#).

Lærlingar og lære kandidatatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skule (opplæringslova § 4-2). De kan kontakte PPT eller OT direkte, eller få hjelp av opplæringsavdelinga v/ team for opplæring i bedrift. Du finn meir om [lærlingar og lære kandidatatar](#) på heimesida til fylkeskommunen.